



Oppsynsmann Haugland oppmoder til samarbeid mot lusplaga (foto: Ola Matti Mathisen)

Det har vore ein heilt normal fangststart i elva der fisket no er inne i si andre veke. Truleg er det teke mellom 20 og 30 fiskar fordelt mellom ein tredel laks og resten aure. Største laksen så langt er på 5,8 kilo, teke av Asbjørn Monsvik frå Bømlø. Snittet for auren ligg mellom 1,5 og 3 kilo.

Auren er i snitt større enn før medan det er lite småfisk å sjå. Det fryktar oppsynsmann Arne Terje Haugland kan ha noko å gjera med lusangrep på smolten som gjekk ut i fjor.

Han har registrert ein god del lus, men ikkje urovekkjande mykje samanlikna med i fjor. Han meiner det er berre ei løysing og det er eit samarbeid mellom oppdrettarane og forskningsmiljøa, Oppsynsmannen roser i Grenda forskarane i Bergen som jobbar med elva for innsatsen.

Det er uvanleg at det blir teke så fin laks så tidleg i det som har vore ei typisk aureelv. Oppsynsmannen trur det har samanheng med kalkproduksjonen i vassdraget. Innslaget av fiskarar er ikkje så stort førrebels, men det er både nordmenn og utlendingar innom og prøver lykka.